

## Referat Årsmøte 2007

**Tid:** 06. mars 2007, kl 19:30

**Stad:** Firdaprodukt, Førde

**Tilstades:** Bjørn F Odeen, Sissel Strømmen, Øystein Melbø Christiansen, Guttorm Kleppe, Åsne Folstad, Leif Laache, Roald Apalset, Rune Berge, Ingvald Kvåle og Heidi Fureli,

**Skrivar:** Guttorm Kleppe

### **Sak 1. Val av ordstyrar og skrivar**

Bjørn vald til ordstyrar og Guttorm til skrivar.

### **Sak 2. Godkjenning av innkalling og saksliste**

Innkalling og sakliste vart godkjent. Med merknader på kort innkalling.

### **Sak 3. Årsmelding**

Årsmeldinga vart opplesen av Bjørn godkjent. Merknad på at ein skulle føre på det korekte medlemstal for 2006, når ein har fått klarheit i innbetalingane.

### **Sak 4: Gjennomgang av rekneskapen.**

Åsne tokk gjennomgang av rekneskapen for 2006. Der den reviderte rekneskapen for Sunnfjord kajakklubb for 2006 viser at klubben har eit positivt driftsresultat på ca. 7.000,- med ei kassabehaldning på ca. 26.000,-. Kontoen for naustet viser ein samla utgift på ca. 15.000,- i 2006 og med ein saldo på ca. 76.000,-.

### **Sak 5. Budsjett for 2007**

Åsne la fram budsjett for 2007. Der driftsbudsjettet for 2007 viser inntekter på ca. 60.000,- og utgifter på ca. 20.000,- og et forventa positivt resultat på 40.000,-. Det er før ein har satt opp eit investeringsbudsjett på nytt utstyr, som vil bli gjort etter nærmere kartlegging av behov for fornying av utstyr.

Budsjettet for naustet er utgifter i samband med ferdigstilling av naustet, kor målet er å bruke resterande sum på ferdigstillinga.

### **Sak 6. Fastsette medlemskontigent**

Det blei av styre føreslått og endre kontigenten frå kr 200,- til kr 250,- per år. Noko som årsmøte gjekk innfor.

### **Sak 7. Naustet**

Guttorm orientert om kva naustgruppa hadde for planar for 2007. Der det blir og arbeide vidare med og få på plass stativ for kajakkar. Og det vil bli arbeid med og legge eit tregolv. Det vart diskutert det med merking av faste plassar. Noko som ein skal få gjort på ein enkel måte, fram til ein har fått på plass nye stativ. Og ein kan gjere ei evaluering og få på plass ein meir endelig struktur.

### **Sak 8. Elv**

Guttorm orienterte om elvesatsing for 2007 i SKK

### **Sak 9. Turaktivitet for 2007**

Heidi og Guttorm sa seg villige til og vere ansvarlege for og leie turaktiviteten i 2007. Der ein vill legge ut på heimesida turprogram. Ein skal bli flinkare til og sende ut SMS melding om turar. Og det blei føresleige at ein skulle bruke aktivitetsspalte i Firda, for og gi eit enkelt innblikki klubaktiviteten.

#### **Sak 10. Kursvirksomheit i SKK**

Kursing i SKK har vore drive gjennom klubben og delvis på dugnad. Noko styre har følt utilstrekkelig dei siste åra. På grunnlag av dette og ein diskusjon på årsmøte. Korleis ein framover skal handtere kursing. Har årsmøte bode instruktørar i klubben (Bjørn og Rune) om og kome med ein plan for intro og nybegynnerkurs.

#### **Sak 11. Val**

##### **Styre for 2006:**

Bjørn Odeen	(Leiar)	(i 2år)
Sissel Strømen	(nestleiar)	(i 2år)
Åsne Folstad	(kasserar)	(i 1år)
Geri Alden		(i 2år)
Guttorm Kleppe		(i 1år)
Heidi Fureli	(vara)	(i 1år)
Solvei Andersen	(vara)	(i 1år)

##### **Forslag til styre 2007:**

Valkomité, Tove I Bjørnseth og Roald Apalseth, hadde kome med fylgjande forslag til nytt styre:

Rune Berge	(leiar)	(ny)
Sissel Strømen	(nestleiar)	
Åsne Folstad	(kasserar)	
Guttorm Kleppe		
Leif Laache		(ny)
Heidi Fureli	(vara)	

##### **Styre som blei valt av årsmøte for 2007:**

Rune Berge	(leiar)	(ny)
Sissel Strømen	(nestleiar)	
Åsne Folstad	(kasserar)	
Guttorm Kleppe		
Leif Laache		(ny)
Heidi Fureli	(vara)	

Det nye styret blei samrøystes valt.

##### **Val av revisorar:**

Einar Paulsen og Ole John Østenstad vart valt som revisorar.

##### **Val av valkomité:**

Bjørn Odeen og Geir Alden vart valt som valkomité.